

## Lars Aase - 70 år.

Lars Aase, Galgebergvn 7a, 4631 Kristiansand, 70 år 29. august.

Han vaks opp på Líknes i Kvinesdal. Frå ~~barnedomen~~ har han med seg mange sterke inntrykk som var med å forme livet hans. ~~Na~~ Kvina var ein viktig del av ~~livsmiljøet~~. Den var var så "livs levandes", og inspirerte til mange ulike gutteaktiviteter. Samværet med slektsgenerasjonane ga mange kjære minne. Og møtet med bedehuset, lekmansrørsla og "Kinamisjonen", der far hans var ein vidgjeten leiar, merkte han for livet. Det var ein livsglad pietisme han anda inn gjennom heimeatmosfæren.

Også krigen sette sitt stempel på ungdommen. Far ~~var~~ med i motstandsrosla. Han blei arrestert. Lars sjøl vart kalla inn til eit vondt avhøyr hos gestapo. Nære kjenningsar ~~blei torturerte~~ til døde. Lars hadde store problem med å vinne over hatet. Men han meiner sjøl at kristentrua hjelpte han til å frigjere kjærleikskreftene.

Dei fleste i slekta var venstrefolk. Men sammen med Sørlandsbanen kom det ei sterke arbeidarrørsle til bygda. Toget 1. mai gjorde eit sterkt inntrykk på Lars. Dette vart ført vidare gjennom hans politiske engasjement. Han var venstremann med ei djup forståing av arbeidarane sin kamp for sjølrespekt og rettferd. Det var ikkje tilfeldig at han var engasjert i "Kristne arbeideres Forbund". Alle som kjenner Lars, har merkt at det sit både ein bonde og ein proletar i akademikaren.

Lars Aase tok lærarprøva ved lærarskolen i Kristiansand og studerte filologi ved Universitetet i Oslo. I 1956 tok han hovudfag i pedagogikk. Han har hatt mange studiereiser både i innland og utland. Han var m. a. 6 månader i USA og studerte skoleadministrasjon.

Lars Aase har hatt ei uvanleg allsidig teneste i norsk skoleverk:

I 1950-51 var han lærar ved Sortland gymnas. 1952-53 lærar ved Heimly folkehøgskole i Troms. 1953-55 lærar ved Havøysund folkehøgskole i Finnmark. 1955-56 lærar ved Risøya folkehøgskole.

I perioden 1956-61 var han rektor ved Kvitsund skole. Dette var ein av dei første ungdomsskolene i landet. Og Lars Aase vart ein pioner i utviklinga av norsk ungdomsskole.

I 1962 vart han engasjert som konsulent hos skoledirektøren i Agder. Hans hovudoppgave då var å planlegge 9-årig skole på Agder.

I 1967-71 vart han leiari av Forsøksrådet for skoleverket. Av saker han var oppteken av denne prioden, kan vi nemne:

- desentralisering av ungdomsskolen
- ny vidaregåande skole
- integrering av funksjonshemma
- ulike utviklingsprosjekt i lærarutdanninga.

Lars Aase hadde vore sekretær i Universitetskomiteen for Sørlandet, og i 1971 vart han tilsett som direktør ved Agder distrikthøgskole. Under hans leiing gjekk høgskolen gjennom ei frodig utvikling og vekst. Då han begynte, var det 100 studentar ved høgskolen. Då han slutta i 1976, var talet stege til 1000.

I tida 1976-1980 var han direktør i Agder høgskolestyre og fekk derfor ansvar for alle høgskolane på Agder. Lars seier sjøl at dette vart ei vanskeleg stilling. Det hang m. a. saman med at det var så mykje usemje om utbygginga i Grimstad og Kristiansand. Standpunktet vart så lett bestemde av fylkesgrensene. Den sterke og engasjerte leiaren vart handlingslamma og nedslitt.

I 1980 vart han tilsett som førsteamannen ved Kristiansand lærerhøgskole. Han hadde ansvaret for eit studium i lokalt forsøksarbeid og leiing.

I denne perioden var han og sterkt engasjert i eit samarbeidsprosjekt mellom Aust- og Vest-Europa. Han etablerte m.a. mange kontakter med dei baltiske landa.

Lars Åse har skrive tallrike artiklar - særleg om skolepolitiske og pedagogiske problem, men han har også publisert lokalhistoriske studier.

-----  
Lars Aase har vore ein dugande skolemann - verdimedviten og pragmatisk, idealist og realist på same tid. Solidaritet med "taparar" har alltid vore eit kjennemerke ved haldning og engasjement.

Han har også vore ein god ven og støttespelar for mange menneske. Han er enkel og livsnær, generøs og gavmild, alvorsfylt og livsglad.

Dei siste åra har Lars hatt ei sviktande helse. Det har tvinga han til å leve eit meir stille liv. Han er ikkje lenger offentleg synleg. Men det er mange som sender helsing til han på 70-årsdagen og ønskjer han alt godt saman med Torhild og barna - Andreas, Marit og Inger Marie.

Jan Fjelde